



Bileta under og over var teke 29. oktober, då det regna skikkeleg også i Uskedalen utanat det vart skadeflaum her.

Den siste månaden i 2014 vart både mild og fuktig og ein kan slå fast at også våre trakter er prega av det stadig fleire meiner er ein markant klimaendring. Mest oppsiktsvekkjande må det vera at middeltemperaturen kraup under null berre tre døgn med den lågaste notering på 2,5 grader 27. desember. I 9 døgn var høgaste notering over 8 grader og i 3 døgn var den over 9 grader! Dei tala som vi gjer kjent her er som vanleg henta frå observatør Kurt Haugland i Korsnes Nord, som bur heilt nede mot fjorden.

Middeltemperaturen var under minus berre ein gong og då var den 0.1 grad!

Når det så gjeld nedbøren var den 361 millimeter tilsaman denne månaden med over 40 millimeter to døgn - 9. og 14. desember.

Spesielt vindfull var månaden ikkje, men 16. desember var det nokre kast på 23 meter i sekundet rundt midnatt.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen og Thor Inge Døssland

